

Fra: Gro Sjøvik Reinsnes [gro.sovik.reinsnes@ullensvang.herad.no]

Sendt: 20. november 2009 13:46

Til: Postmottak FKD

Emne: Høyring.

Hallo!

Sender dette for Rune Østraat som avtalt! Med venleg helsing Gro Sjøvik Reinsnes, 53 67 15

02. Kan jeg få en tilbakemelding om dere har fått denne mailen?

Ullensvang herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, del. vedtaksmynde.

Møtedato

Saksnr

Sakshands.

Formannskapet

16.11.2009

107/09

ROST

Endeleg vedtak i: Formannskapet

Saksansv .: Rune Østraat

Arkiv: N-634

Objekt:

J.post id.

09/9624

Arkivsaknr

09/981 - 2

HØYRING: FORSLAG TIL FORSKRIFT OM SÆRSKILDE KRAV TIL  
AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN

Dokumentliste:

Nr

T

Dok.dato

Avsender/Mottakar

Tittel

1

I

18.08.2009

Det kgl. fiskeri- og

kystdepartement

Høyring: Forslag til forskrift om særskilde

krav til akvakulturrelatert verksemd i

Hardangerfjorden

Vedlegg:

Dokumnet 1

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Saksutgreiing:

Ullensvang mottok den 21.08.2009, høyring på "Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden", frå det kongelige fiskeri- og kystdepartement. Frist for å koma med høyringsvar er sett til 18. november.

Fiskeri- og kystdepartementet vedtok den 8. april 2008 ein instruks som fraus situasjonen for utviding- og etablering av nye oppdrettsanlegg for laks, regnbogaure og aure i Hardangerfjorden. Den nye forskrifta vil erstatta denne instruksen.

Kort fortalt omhandlar forskrifta til høyring følgjande emne:

- \* Det geografiske og saklege verkeområdet for forskrifta
- \* Reglar om tak på biomasse
- \* Krav om godkjenning frå Mattilsynet før flytting av fisk
- \* Krav til brønnbåtar

I Ullensvang herad har problematikken knytt til oppdrett av laksefisk vore diskutert ved fleire høve. Seinast var det i samband med Kystsoneplanen for Ullensvang herad. Mellom anna på grunna av instruksen av 8. april 2008, gjorde Formannskapet følgjande vedtak:

FSK-039/08 VEDTAK:

1. Formannskapet vedtek at justert framlegg til kystsoneplanen vert drøfta med Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Fiskeridirektoratet før slutthandsaming i heradsstyret.

2. Ved flytting og/ eventuelt nyetablering av oppdrettsanlegg vil Ullensvang herad koma attende til dette ved handsaming av ny forskrift "Nye forvaltningstiltak – Hardangerfjorden".

Dette vedtaket legg såleis føringar for viktige emne som Ullansvang herad må ta stilling til gjennom denne høyringsuttalen.

Det har dei seinaste åra vore forska mykje på økosystema i Hardangerfjorden. Dette har mellom anna vore utført av Norsk institutt for naturforskning (NINA), Fiskeri- og kystdepartementet, Mattilsynet, Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet. Forskingsresultata som har kome fram seier mellom anna:

- \* Produksjonsmengda i Hardangerfjorden var i fylgje forskarar for høg og utanfor bærekraftig nivå allereie i 2004, - då den var halvparten så stor som i dag.
- \* Bestandane av laks i Hardanger må karakteriserast som på randen av utrydding. Solid dokumentasjon frå forskarar har vist at det er auka dødelegheit i sjøfasen pga lakselus. I tillegg er det ein så høg prosentdel rømt laks i desse elvene, at ein ikkje kan rekna med å kunna bevara de opphavlige laksebestandane. Alt sports- og yrkesfiske på vill laks er stogga i lakseelvene og i sjøen i Hardanger, sidan siste halvdel av nittitalet
- \* Alle sjøaurebestandane frå Granvin til Rosendal, er redusert på grunn av lakselus, og i områda utanfor og innanfor er bestandane betydelig reduserte. Sjølv om det er i gang sett samordna lakselus-medisinerings, har ikkje luse-talet på villfisk vorte redusert.
- \* Ein frys av produksjonen på 50 000 tonn i Hardangerfjorden, vil ikkje kunne bidra til å betra dagens kritiske situasjon for villfisken.
- \* Hardangerfjorden er landets tettaste oppdrettsområde og har spesielle og særregne

utfordringar.

På den andre sida har ein er næringsaspektet, som truleg kan skape arbeidsplassar og inntekter til heradet og lokalt næringsliv.

Formålet med forskrifta er skildra i § 1.

#### § 1. Formål

Formålet med forskrifta er å bidra til å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa i Hardangerfjorden, medrekna bereevna til fjordområdet, forhold knytt til fiskehelse, omsynet til ville bestandar av laksefisk og det langsiktige grunnlaget for utvikling i akvakulturnæringa.

Vurdering:

Formålet med den nye forskrifta vert i liten grad sikra slik framlegget til ny forskrift nå ligg føre. Om forskrifta skal ha verknad for å sikra dei opphavlege villaks- og sjøaure bestandane, må ein setja målbare maksimalgrenser for kor stort skadeomfang ein kan tillate på villfisken.

Dette kan vera krav som til dømes:

- \* det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lus per utvandrande laksesmolt fanget i verkeområdet for forskrifta.
- \* det skal ikkje vera prematurt tilbakevandra sjøaure i elveosane før 15. juni, i alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.
- \* det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømd fisk er gjennomført.
- \* tidsfrist på maksimalt to år for at desse måla skal være oppfylt. Om ikkje må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast for å oppnå måla.

Fiskeri- og kystdepartementet ber om innspel om Ølen og Vindafjord, i Rogaland fylke, skal vera ein del av verkeområdet til den nye forskrifta. Å ikkje innlemma desse kommunane vil vera svært uheldig, sidan dei er ein naturleg del av Hardangerfjordområdet. Oppdrett i desse kommunane vil utgjera ein like stor utfordring for smittespreiing, lakselus og rømd opprettsfisk som kommuana som ligg i Hordaland.

Når det gjeld uttalen til forskrift, står det at det ikkje er kommunar i indre Hardanger som ynskjer oppdrett. For Ullensvang sin del, er dette ikkje ein korrekt påstand. Etablering av nye oppdrettslokalitetar var oppe til handsaming i samband med "kystsoneplanen", men sidan det vart innført ein instruks, som fraus situasjonen for utviding- og etablering av nye oppdrettsanlegg for laks, regnbogeaure og aure i Hardangerfjorden, valde politikarane å utsetja dette spørsmålet til utkast til ny forskrift vart framlagd.

Rådmannen meiner at nyetablering av oppdrettslokalitetar i Ullensvang herad, vil dette vera negativt for laks- og sjøaurebestandane i indre fjordstrok. Dette skuldast både det auka smittepresset av lakselus, og den genetiske endringa som oppstår ved at oppdrettslaks formeirar seg med dei viltlevande bestandane. På nasjonalt nivå, har ein som mål å ivareta dei ulike stadbundne bestandane av laks- og sjøaure. I ein situasjon, der ein bør redusera den totale produksjonen av anadrom oppdrettsfisk i Hardangerfjorden, vil det vera feil av Ullensvang herad, på noverande tidspunkt, å opna for nyetablering av oppdrettsanlegg utanfor det området som oppdrettarane i dag nyttar. Rådmannen vil såleis ikkje tilrå at ein på noverande tidspunkt opnar for etablering av nye lokalitetar for anadrom oppdrettsfisk i Ullensvang herad.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

For at "Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden" skal ha verknad for villaks- og sjøaure bestandane i Hardangerfjordområdet, ynskjer Ullensvang herad følgjande endringar/tillegg til forskrifta:

Endring § 3, Geografisk verkeområde:

Forskrifta gjeld innanfor området som er gjort greie for i vedlegg I, samt kommunane Ølen og Vindafjord, heretter kalla Hardangerfjorden.

Ny §, Miljøkrav i Hardangerfjorden:

Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lus per utvandrande laksesmolt fanget i verkeområdet for forskrifta.

Det skal ikkje vera prematurt tilbakevandra sjøaure i elveosane før 15. juni, i alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.

Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømd fisk er gjennomført.

Tidsfrist på maksimalt to år for at desse måla skal være oppfylt. Om ikkje, må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast til det nivå der miljøkrava vert innfridd.

Ny §, Endring av forskrifta:

Når krav til oppdrettsnæringa er oppnådd (jamfør ny §), kan ein vurdere å etablera nye lokalitetar for oppdrett, også i område der det ikkje på førehand er etablert oppdrettsanlegg.

16.11.2009 FORMANNSKAPET

Sverre Kleivkås (V) sette fram følgjande framlegg :

”Ny § 3 Endring av forskrifta : Vert stroke”

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 5 mot 4 røyster.

Mindretalet stemte for Sverre Kleivkås sitt framlegg

FSK-107/09 VEDTAK:

For at ”Forslag til forskrift om særskilde krav til akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden” skal ha verknad for villaks- og sjøaure bestandane i Hardangerfjordområdet, ynskjer Ullensvang herad følgjande endringar/tillegg til forskrifta:

Endring § 3, Geografisk verkeområde:

Forskrifta gjeld innanfor området som er gjort greie for i vedlegg I, samt kommunane Ølen og Vindafjord, heretter kalla Hardangerfjorden.

Ny §, Miljøkrav i Hardangerfjorden:

Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 lus per utvandrande laksesmolt fanget i verkeområdet for forskrifta.

Det skal ikkje vera prematurt tilbakevandra sjøaure i elveosane før 15. juni, i alle vassdrag innan verkeområdet for forskrifta.

Det skal i snitt ikkje vera meir enn 5 % rømd oppdrettsfisk i gytebestandane av laks i elvane Opo, Kinso, Eio, Granvinselva, Jondalselva, Steinsdalselva, Hattebergselva og Uskedalselva, etter at utfisking av rømd fisk er gjennomført.

Tidsfrist på maksimalt to år for at desse måla skal være oppfylt. Om ikkje, må produksjonen av oppdrettsfisk reduserast til det nivå der miljøkrava vert innfridd.



Ny §, Endring av forskrifta:

Når krav til oppdrettsnæringa er oppnådd (jamfør ny §), kan ein vurdera å etablera nye lokalitetar for oppdrett, også i område der det ikkje på førehand er etablert oppdrettsanlegg.